



Notat

Saksbehandler: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Anne-Lise Næs Olsen
Vår referanse: 14/3224 - 13 / PlanID - 125620110003, FA - L13, HistSak - 11/143, Gbnr - 23/1
Dato: 12.06.2015

Generell tilbakemelding - prosess mm. - vedlegg til møtereferat

Prosess: Administrasjonen vurderer at endringar som me drøfta i møtet 3.6.2015 er plantekniske justeringar som ikkje krev offentleg ettersyn. Reguleringsplanen kan såleis endrast som avtalt, og deretter sendast til kommunen for 2. gangs behandling. Det kan godt haldast eit undervegs møte til før innsending.

Merknad til plankartet: Planeringshøgda har falle ut av planen i siste forslag, og lyt førast på. (Formål for undervisning – planeringshøgda, kote + 20)

Formåla lyt innehalde opplysningar om byggjehøgder, utnyttingsgrad/bygningsmasse og byggjegranser, jf. drøftingsmøtet.

Undervisning (1162) er eit eige formål i teikneregler for reguleringsplan, og lyt vidareførast i samsvar med tidlegare planutkast.

SOSI-fil: GIS-konsulenten vår har kome med nokre merknader til SOSI-fila. Vi legg dei ved og bed dykk sjå om fila kan justerast i samsvar med merknader.

Planskildring: Planskildringa lyt generelt samsvare med planforslaget. Planskildring lyt td. oppdaterast i samsvar med revidert planteikning, pkt. 8.2 m.fl.

Tilhøve til rikspolitiske retningslinjer lyt omtalast klarare. Korleis er planforslaget utforma i høve til dagens retningslinjer?

5.12 kan endrast då farten er redusert til 40 km/t.

- Støytilhøva må skildrast betre i planskildringa. Ros-analyse stadfestar at støy på leikeområdet må vurderast ved ny skule, og at støyskjerm som avbøtande tiltak kan verte aktuelt. Det lyt avklarast om det er nødvendige å lage ev. støyrapport, og når denne ev. skal vere på plass. Det lyt dokumenterast at omsyn til støy er ivaretatt i samsvar med retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2012. Tilhøvet til støy lyt ivaretakast i tilstrekkeleg grad i føresegnene, og dersom det er aktuelt å føra opp td. støyskjerm innafor byggeområda, lyt dette dokumenterast i føresegnene. Det kan td. dokumenterast ved at avbøtande tiltak mot støy skal kunne førast opp i byggeområda, og at slike tiltak skal framgå av utomhusplan i samband med byggjesøknad.
- Nytt uteopphaldsareal, UA01, som skal disponerast av barnehagen bør opparbeidast etter ein samla plan, og det bør skildrast når slik plan ev. skal liggja føre, og dette vidare forankrast i føresegner.
- Det må skildrast korleis bruken av kollektivhaldeplass for buss skal nyttast. Dette då transport av elevar til/frå skulen er via buss til sentrum, og vidare gangveg/fortau til skulen. Det er heller ikkje sannsynleg at Mjåtveitvegen kjem til å verta utbetra for at den i framtida skal nyttast for busstransport.